



# Herøy sogelag

## Referat frå årsmøte 2023

Årsmøte i Herøy Sogelag vart avhalde 1.mars 2023 kl 18.30 på Kvadranten i Fosnavåg.

Det møtte 14 medlemmar medrekna 5 frå styret. Jon Olav Kopperstad var ikkje til stades.

### Sakliste

#### 1.Val av møteleiar og sekretær

Møteleiar var Johan Moltu. Greta Kvalsvik vart vald til sekretær.

#### 2.Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga hadde vore annonsert to gongar i Vestlandsnytt. Saklista vart godkjend.

#### 3.Årsmelding

Årsmeldinga vart lesen av sekretæren og godkjend med denne merknaden:

-sosial samling på Kjeldsund vart avhalden i 2022, ikkje 2023.

Det vart stilt spørsmål knytta til salstal for kalenderen. Blir alle 1000 selde? Det blir om lag 150 kalenderar til overs, blant anna fordi skulane ikkje lenger vil selje. Men årsmøtet meiner at det er bra å ha ein del på lager som kan kome til nytte for ettertida. Det vart i tillegg informert om problema med å få tak i bilete og at ein framover vil leite etter bilete i Vestlandsnytt sitt arkiv.

#### 4.Rekneskap

Rekneskapen vart gjort greie for av kasserar og godkjend.

Det vart framheva av årsmøtet at det blir gjort ein god jobb av sogelagets leiar med å få Heimar og Folk ut til folk. Det skal vurderast etter kvart om ein skal selje Heimar og Folk til redusert til pris slik at bøkene kan finne ein plass i dei fleste heimar i kommunen.

## 5.Kontingent

Under føresetnad av at det blir gitt ut kalender, blir kontingenten som før kr. 300. Viss det ikkje blir gitt ut kalender, blir kontingenten kr 250.

## 6.Val

Desse var på attval og vart valde på nytt: Johan Moltu, Jon Olav Kopperstad, Sølvi Woldsund Myrhol og Hildur Lid Hole. Leiaren er vald for eitt år, styremedelammene er valde for to år.

Johan Sundnes er kommunestyrerepresentant og er vald for denne kommunestyreperioden.

Såleis er styret for 2023:

### Leiar

Johan Moltu	915 68576
-------------	-----------

### Styremedlemmar

Jon Olav Kopperstad	905 25605
---------------------	-----------

Sølvi Woldsund Myrhol	416 33518
-----------------------	-----------

Alf Olger Dypvik	470 12563
------------------	-----------

Greta Kvalsvik	416 28177
----------------	-----------

Johan Sundnes	450 00663
---------------	-----------

### Varamedlemmar

Hildur Lid Hole	906 95468
-----------------	-----------

Gunnhild Maurstad	482 18382
-------------------	-----------

Hege Beddari	906 58198
--------------	-----------

Begge revisorar var på val og vart attvalde for eitt år:

### Revisorar

Bertha Johannesen	988 82118
-------------------	-----------

Anna Aasmo	977 55911
------------	-----------

Alle tre i valnemnda er nye og sit på ubestemt tid så lenge dei ønsker:

### Valnemnd

Johanne Moltu Lundberg            412 79215

Marit Moltu                            481 27719

Harald Sydhagen                    958 10230

Herøy sogelag sin representant i Herøy kystmuseum er Sølvi Woldsund Myrhol.

### **Program**

Karsten Sund informerte om at det kan bli aktuelt å bygge ein kopi av Kvalsundskipet, som er det eldste skipet funne i Nord-Europa med kjøll. Dette er planar som i si tid vart lansert av Roald Sporstøl. Ein vil plassere det under tak på ei eigna tomt på Nerlandsøy i nærleiken av funnstaden, gjerne synleg frå den nye brua. Viss det blir realisert, tenker ein seg at Herøy kystmuseum står ansvarleg. Tankane har vore lufta for Herøy Næringsforum og mulege investorar. Eit liknande tiltak i Nord-Norge har fått støtte av kommune, fylkeskommune, stat og EU. Ein skal no i første omgang finne nokon som kan lage ei skisse av skip og eventuell bygning slik at ein har noko visuelt å legge fram for aktuelle samarbeidspartnarar.

### **Planar framover**

Sogelaget vil mellom 1. og 15. september arrangere ei samling for personar som har eit forhold til historikken rundt Berlin-borna.

